



Nordhordland Folkehøgskole  
Holtermandsvegen 3  
5918 Frekhaug

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/2344 - 23/21255

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:


16.03.2023

## Førehandsvarsel om endring av logge- og tømmefrekvens av fettutskiller ved Nordhordland Folkehøgskole - Gbnr 323/519 Frekhaug

Alver kommune viser til årsrapport 2022 for fettutskiljar ved Nordhordland Folkehøgskole – Gbnr 323/519 Frekhaug.

Årsrapport for 2022 viser at anlegg ikkje stettar krav til utslépp. Anlegg har for høg temperatur. Av rapporten ser vi at anlegget, i periodar, ikkje har noko funksjon. Temperatur er målt til over 32 °C (sjå logg under). Ved denne temperaturen vert fett ikkje utskilt i anlegg men vert ført ut på kommunalt avløp med avløpsvatnet.

Optimal temperatur i ei fettutskiljar vil ligge mellom 15 og 20°C. Når temperaturen i anlegg når 30°C, vil anlegget ikkje kunne skilje ut fett og vil da ikkje fungere etter intensjonen. Anlegg har ingen funksjon. Ved 30°C vil fett verte ført ut på kommunen sitt avløpsnett og avsettast der. Fett vil tette avløpsnettet og kan forårsake tilbakeslag av kloakk i bygg som ligg nedstrøms anlegg.



Anlegg ved folkehøgskole er installert før det vart søkt kommunen om løyve til å knytte anlegg på kommunen sitt avløpsnett. I saksutgreinga i utsléppsløyve har kommunen opplyst om at vi ville ha anbefalt eit større anlegg dersom vi hadde søknad før anlegg blei bestilt. Kommunen skal godkjenne slike anlegg før dei vert bestilt og knyta på kommunalt avløpsnett.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Kommunen har, i utsleppsløyve datert 20.10.2020, sett vilkår om at kan komme krav om utskifting av anlegg dersom temperatur i anlegg vert for høg.

Før vi vurderer å fatte eit slikt pålegg om utskifting av anlegg, vil vi gje skulen moglegheit til prøve ut om ei auke i tømme- og loggefrequens vil betre anlegget sin funksjon. Vi vil også anbefale skulen om å sjå på dei rutinane som kjøkkenet har i dag, for å sjå om ein kan gjere andre tiltak som kan betre funksjon til anlegget.

Kommunen vil frå og med 2023 auke tømme- og loggefrequensen til minimum 8 gonger per år, samt sette krav om at det skal utførast minst 4 temperaturlogger per år.

Vi ber om tilbakemelding på førehandsvarselet. Frist vert sett til 01.04.2023.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nordhordland Folkehøgskole  
v/driftsleder

**Mottakarar:**

Nordhordland Folkehøgskole

Holtermandsveg 5918  
en 3

Frekhaug